

Arkivnr: 2018/17460-62

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2019 - tildeling av tilskot**Samandrag**

Tilskotsordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles ordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Målet er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet. Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet.

Det er definert 5 prioriterte prosjekt innanfor tilskotsordninga:

1. Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
2. Tiltak knytt til utvikling av aktive og attraktive skulegardar
3. Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom
4. Tilskot knytt til sykkelvanar for barn og unge
5. Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv

Etter søknadsrunden med frist 15. februar 2019 var det kome inn søknader innanfor dei prioriterte områda, bortsett frå tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ønskjer å lyse ut ein ny søknadsrunde for restsummen på 300.000,-, som skal gå til aktivitetstiltak for elevar i vidaregåande skular. Fylkesrådmannen foreslår at det vert oppretta ei gruppe internt, med idrett/friluftsliv, opplæringsavdelinga og ungdommens fylkesutval som igjen vil samarbeide tett med delprosjekt under Idrettscampus Bergen knytt til styrking av kroppsøvingsfaget og Os-modellen, som handlar om tilrettelegging for gjennomføring. Utlysinga vil gå til kommunar, organisasjonar og dei vidaregåande skulane med oppmoding om å bygge gode modellar m.a. gjennom utvikling av eksisterande arbeid som t.d. program for folkehelse, helsefremmande skule (tidlegare prosjekt) og skulefrukost.

Økonomi:	Det vert løyvd kr. 2 040 000,- over budsjettpost 400.420. Kr 300 000,- av desse vert ståande til ny søknadsrunde 15. september.
Klima:	Tiltaka er i hovudsak knytt til utvikling av innbyggerane sine nærmiljø
Folkehelse:	Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar
Regional planstrategi:	Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

Generelt:	
Budsjett 2019:	Kroner 2 040 000,-
Søknadsfrist 2019:	15. februar og 15. september
Vedtaks kriterier:	KIRU 18.01.2017
Kriterier og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida. Deling i sosiale medier
2019	
Tal på søknadar:	59
Samla søknadssum:	4 354 950,-
Tilrådd til fordeling:	1 740 000,-

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 740 000,- kroner over budsjettpost 400.420.10 som vist i tabell:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 740 000,- kroner over budsjettpost 400.420.10 som vist i tabell under.
2. Restsum på 300 000,- kroner vert lyst ut i ny søknadsrunde med frist 15. september, og skal gå til aktivitetstiltak i og for vidaregåande skular. Fylkesrådmannen får delegert mynde til å gjennomføre denne tildelingunden.

Søkjar	Tiltak	Søknadssum	Tildelt
Askøy kommune	Siglingavatnet-friluftsparken på Askøy	100000	0
Austevoll Klatregruppa	Buldrerom	270000	0
Austevoll Idrettsklubb	Ope anlegg	50000	30000
Austrheim Ungdomsklubb	e-sport	30000	30000
Autismeforeningen I Norge Hordaland	En fritid med mening og mestring	40000	40000
Bergen Cykleklubb	Sykelopplæring for Barn og ungdom i nærmiljøet	70000	60000
Bergen Cykleklubb	Jentetråkken - lavterskel sykkelritt for jenter fra 9 - 90 år	63000	0
Bergen og Hordaland Turlag	Klatretilbud for barn og unge	80000	60000
Bergen og Hordaland Turlag	Vinteraktivitetsdag på Kvamskogen 9. mars 2019	40000	40000
Bergen og Hordaland Turlag	Inkluderende friluftsliv i Bergen og Hordaland Turlag	50000	50000
Bergen og Hordaland Turlag	Kajakkpadling for barn og unge	90000	0
Bergen og Omland Friluftsråd	Åpningsarrangement i fem friluftslivsområder	50000	0
Bergen og Omland Friluftsråd	Utstyr aktivitet fugleobservasjonshytte Skogsøy i Øygarden	21000	0

Bergen Stupeklubb	Esport akademi	100000	100000
Brakanes skule	Utvikling av aktivitetspark på skulen sitt uteområde	100000	0
Bremnes Idrettslag	Idrett er gøy!	42000	40000
Båtlaget Njord/Tysnes	Peralio Tuftepark	100000	0
Fau Gullfjordungen Skule	Opprusting av skolegård	100000	0
Fau ved Toftøy Skule	Gapahug/grillhytte	74900	0
Fjell kommune	Badminton som meistringsarena	25000	25000
Fjell kommune	Eg kan lære å symje - eg treng berre tid	30000	30000
Fjell kommune	Læring og meistring med karate	25000	25000
Fjell kommune	Tryggleik i vatn for funksjonshemma barn	25000	25000
Fjell kommune skular	Klassesett med skolesykler på Fjell Ungdomsskule	100000	0
Foreningen Nordsjølekene	Nordsjølekene	48000	40000
Friluftsrådet Vest	Nye Landsmenn - innføring i norsk friluftsliv	700000	50000
Fusa kommune	Basistrening for unge	40000	40000
Fyllingen Bbk	Løvestakken Rundt	25000	0
Handikappede Barns Foreldreforening	Fysisk aktivisering av handikappede barn gjennom lek og samspill	50000	0
Hetlevik Idrettslag	Hetlevik på SNEI - en bygd med Spreke, Naturlade og Entusiastiske Innbyggere	90000	0
Hordaland Idrettskrets	AktiVane	25950	26000
Hordaland Idrettskrets	På hjul med jentene	100000	70000
Hordaland Idrettskrets	Sportmix	100000	97000
I.L. Norna Salhus	Alle skal med, et lysglimt i hverdagen	50000	40000
Idrett Bergen Sør	MEGA for alle	100000	100000
Idrett Bergen Sør	Ungdom for ungdom	55000	40000
Idrett Bergen Sør	Utrustet ung	100000	100000
Kalandseidet Idrettslag	Inkludering av flerkulturelle barn på Kalandseid	30000	30000
Kalandseidet Idrettslag	Friluftssøndager - møteplasser på turstiene på Kalandseid	20000	0
Knarvikmila Aks 77	Stolpejakten Alver 2019	41200	41000
Knarvikmila Aks 77	MiniMila / KnøtteMila 2019	20000	0
Kolbeinsvik Vel	Buldrestein aktivitetspark	50000	0
Myking Bygdelag Trivselsgrenda	Fritidstilbod til barn og unge i Myking skulekrets	10000	0
Naturvernforbundet Hordaland	Naturlade Hordaland	80000	50000
Nhf Region Vest	Gøy med gym - en tilrettelagt gymtime	60000	60000

Norges Cykleforbund	Sykkelkids	100000	100000
Psykiatricalliansen Bil	Psykiatricalliansen, alle er velkommen alltid	50000	50000
Psykiatricalliansen Bil	Treningsglede for ungdom	100000	100000
Radøy kommune	Seek `n`find	55000	40000
Radøy kommune	Aktiv ferie	114400	40000
Radøy kommune	Utlånsbu	40000	0
Raggsokkjen 4H	Vi lagar leir	10000	0
Raskbergen	Utvidelse av utstyrbase	100000	0
Rubbestadneset Idrettslag	Rubbhallen - et naturlig samlingspunkt	100000	40000
Selbjørn Idrettslag	Barnetrim, Skuletrim og Back to Basic	30000	0
Sotra Sportsklubb	Straumemila	10500	0
Stord Cricket Klubb	Cricket i barneskoler på Stord	43000	0
Ullensvang herad	Sykkelopplæring	100000	0
Voss Røde Kors Lokalforening	Trygg i Trafikken, sykkelopplæring for minoritetsspråklege	31000	31000
		4354950	1740000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.